



# VESTNORSK fjordlandskap



Vestnorsk fjordlandskap vart i 2005 innskrive på  
UNESCOs verdsarvliste

## NOREGS VERDSARVOMRÅDER

- 1 Struves meridianboge
- 2 Bergkunsten i Alta
- 3 Vegaøyane
- 4 Bergstaden Røros
- 5 Vestnorsk fjordlandskap
- 6 Urnes stavkyrkje
- 7 Bryggen i Bergen



Dronningensgt. 13  
Pb. 8196 Dep. 0034 Oslo  
Tlf: 22 94 04 00 – Fax: 22 94 04 04  
[www.ra.no](http://www.ra.no)



Direktoratet for  
**naturforvaltning**  
Tungasletta 2  
7485 Trondheim  
Tlf: 73 58 05 00 – Faks: 73 58 05 01  
[www.dirnat.no](http://www.dirnat.no)

GRIMSHØI GRAFISKE

## Planter og dyr

Dei korte avstandane mellom fjord og høgfjell, i tillegg til stadvis særslig gunstige lokalklimatiske tilhøve gjer at fjellblomar kan vekse side om side med artar ein forbind med sørlegare breiddegradar. Mangfaldet av plantearter er stort og variert i det brattlende fjordlandskapet. På gammal kulturmak er det over tid utvikla sjeldne artar som krev beite og slått for å leve.

Verdsarvområdet har eit variert dyreliv både av pattedyr, fuglar, fiskar og insekt. Fleire står på «raudlista», medan andre er artar som Noreg har eit spesielt ansvar for. Villrein, fjellrev, gaupe, oter, lemen, kvitryggspett og nise er døme på slike artar. Fuglelivet femnar alt frå sjø- og vadefuglar kring fjordane til skogsugl i dalsidene og til sist artar som er typiske for norske høgfjellsområde. I alt hekkar eit hundretal artar innafor verdsarvområdet.




## Vakkert landskap

Dei to fjordområda har ry for å vere av dei vakraste og mest inntrykkssterke naturområda i Europa. Dei siste 150 åra har forskrarar, kunstrarar og turistar vitja fjordane for å oppleve eit eineståande dramatisk og kontrastrikt landskap. Trass store besøkstal har områda halde kvalitetane til inspirasjon og gagn for alle som bur eller vitjar områda.

## Geirangerfjordområdet

Inn mot vasskiljet deler Storfjorden seg i tre storfelte fjordarmar. Tafjorden, Sunnylvsfjorden og den slyngande Geirangerfjorden utgjer kjernen i det nordlege delområdet. Her har samspelet mellom is, berggrunn og fossande vatn forma eit fjordlandskap med unike kvalitetar. I dei alpine fjellområda som skil fjordane ligg frodige seterdalar, og på rassikre hyller i dei bratte fjordsidene ligg ei rad gamle høgdegardar med stor kulturhistorisk verdi. I området er artsrike rasmarker og varmekjær lauvskog døme på særprega og sjeldsynte naturtypar med interessant planteliv. Mellom ei rekke insekt er mnemosynesommarfuglen den mest kjende.

Langs etter fjordane og oppe på berghyllene ligg eit titals små fjordgardar, dei fleste fråflytta. Gardane ligg på plassar der snø- og steinras ikkje kjem til. Busetjinga syner eit nøyamt jordbruks tilpassa ein farefull, men samstundes rik natur. I fleire av fjelddalane finn ein stolar. Nokre av fjordgardane og stolane er restaurert og kan besøkast.



Mnemosynesommarfugl. Foto: Dag Holtan



Urvallmua. Foto: Johannes Anony



Herdalsætra. Foto: Lars Lofaldli

## Kort om Vestnorsk fjordlandskap

**Geirangerfjordområdet:** Norddal og Stranda kommunar i Møre og Romsdal fylke

**Nærøyfjordområdet:** Aurland, Vik og Lærdal kommunar i Sogn og Fjordane fylke. Voss kommune i Hordaland fylke

**Area:**

Totalt 1227 km<sup>2</sup>, inkl. 107 km<sup>2</sup> sjøareal (Geirangerfjordområdet, 518 km<sup>2</sup> og Nærøyfjordområdet, 709 km<sup>2</sup>)

**Informasjon om overnattings- og servicetilbod:**

**Geirangerfjordområdet:**

Destinasjon Geirangerfjord Trollstigen. [www.visitgeirangerfjorden.com](http://www.visitgeirangerfjorden.com)  
Geiranger Turistkontor, tlf. + (47) 70 26 30 99, [www.geiranger.no](http://www.geiranger.no)  
Hellelsylt Turistinformasjon, tlf. + (47) 70 26 38 80, [www.hellesylt.no](http://www.hellesylt.no)  
Stranda Turistinformasjon, tlf. + (47) 70 26 14 50  
Norddal Reiselivslag, tlf. + (47) 70 25 77 67, [www.visitnorddal.com](http://www.visitnorddal.com)

**Nærøyfjordområdet:**

Flåm Turistinformasjon, tlf. + (47) 57 63 21 06, [www.alr.no](http://www.alr.no)  
Aurland Turistinformasjon, tlf. + (47) 57 63 33 13, [www.alr.no](http://www.alr.no)  
Lærdal Turistinformasjon, tlf. + (47) 57 64 12 07, [www.alr.no](http://www.alr.no)  
Voss Turistinformasjon, tlf. + (47) 56 51 94 00, [www.visitvoss.no](http://www.visitvoss.no)  
Vik Turistinformasjon, tlf. + (47) 57 69 12 55

**Meir informasjon:**

Sekretariatet for Vestnorsk Fjordlandskap:

- Geirangerfjordområdet, tlf. + (47) 70 26 38 08
- Nærøyfjordområdet, tlf. + (47) 57 63 29 00
- Møre og Romsdal fylke, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Hordaland

**Nettstader:**

[www.verdensarv.com](http://www.verdensarv.com)

[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)

[www.nwhf.no](http://www.nwhf.no)



Utsikt mot Nærøyfjorden frå Kalvnesnos. Foto: Tom Dybvad

## UNESCO

UNESCO er FN sin organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon (United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization). UNESCO sitt mål er å bidra til fred og tryggleik gjennom internasjonalt samarbeid på desse områda. Organisasjonen blei oppretta i 1945, og Noreg vart medlem i 1946.

### ❖ UNESCO-konvensjonen for vern av verdas kultur- og naturarv

Konvensjonen for vern av verdas kultur- og naturarv blei vedteken i 1972, etter at kulturmilne og naturområde i aukande grad hadde vorte utsett for press i form av krig, naturkatastrofer, forureining, turisme, eller berre ganske enkelt forfall.

Konvensjonen oppmodar alle land til å fremje vern av kultur- og naturarv av lokal eller nasjonal betydning. Konvensjonen sitt fremste mål er å identifisere kultur- og naturarv av universell verdi. Behovet for eit felles løft, både menneskeleg og økonomisk, vart synleg gjennom den internasjonale redningsaksjonen av kulturmilne i Egypt og Nubia, då Aswan-dammen skulle byggjast tidleg på seksttalet. Seksti land deltok, mellom desse Noreg.

Natur- og kulturarven kan vere eit naturområde, eit kulturlandskap, eit bygningsmiljø eller eit natur- eller kulturmonument. Den kan vere eit byggverk som representerer eit viktig historisk utviklingssteg, eller eit naturfenomen av ekspesjonell estetisk eller vitskapleg betydning. Oversikt over verdas kultur- og naturarv vert kalla verdsarvlista.

Noreg ratifiserte konvensjonen 12. mai 1977. Fram til i dag har Verdsarvkomiteen godkjend sju norske nominasjoner til Verdsarvlista:  
Bryggen i Bergen (1979), Urnes stavkyrkje (1979), Bergstaden Røros (1980), Bergkunsten i Alta (1985), Vegaøyane (2004), Vestnorsk fjordlandskap (2005) og Struves meridianboge (2005).

For meir informasjon om verdas kultur- og naturarv;  
**UNESCO sine internetsider**, <http://whc.unesco.org>, gjev ein verdsomfattende presentasjon av vår felles kultur- og naturarv.  
**Riksantikvaren sine internetsider**, [www.ra.no](http://www.ra.no), presenterar dei norske stadene som er innskrivne på lista over verdsarven.



Foto: Arne Aasheim




Foto: Riksantikvaren/Ave Kjersheim




Foto: Lars Lofaldji



Foto: Trond Taugbøl



Foto: Trond Taugbøl



Foto: Harald Ibenholt






Foto: Riksantikvaren/Andreas Dreyer

## VESTNORSK FJORDLANDSKAP



Geirangerfjordområdet



Nærøyfjordområdet

### Teiknforklaring

- Verdsarvområdet
- Naturvernområde
- Turistinformasjon



### Vestnorsk fjordlandskap

Fjordar er mellom dei mest dramatiske og spektakulære landskapa på kloden. Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap femnar delar av dei lengste, djupaste, smalaste og vakraste fjordane i verda. Dette er område med eit natur og kulturrinhald som har trollbunde besökande til alle tider. Av mange er desse fjordane rekna som sjølvé symbolet på Noreg, det fremste fjordlandet i verda. Så er også det norske ordet «fjord» del av det internasjonale språket. Verdsarvområdet består av to delområde; Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet. Til saman med omgjevnadene utgjer områda 1227 km<sup>2</sup>, der 107 km<sup>2</sup> er sjøareal.



Skageflå, Geirangerfjorden. Foto: Per Eide, Fjord Norway



Rasvitte i Nærøyfjorden. Foto: Lars Lofaldji



Nærøyfjorden. Foto: Frithjof Fure, Fjord Norway

### Geologi og landform

Områda ligg i dei inste delane av to fjordsystem som strekker seg heilt inn i dei sentrale fjellmassiva som skil Aust- og Vest-Noreg. I tertiærtida, for 2,5-55 millionar år sidan, lyfta landet seg og dannar eit høgt fjellmassiv parallelt med dagens kyst. I tida fram til iskappa la seg over landet, for 2,5 millionar år sidan, gravde elver ut djupe v-dalar langs svake sonar i berggrunnen. Under dei mange istidene som fulgte i kvartærtida forma ismassane på veg mot havet v-dalane til store u-forma dalar med særskilt høge og bratte fjellsider. Områda er unge og aktive landskap der naturkretene framleis arbeider med å forme terrenget. Skredbanar i dalsidene og store rasmassar på fjordbotnen vitnar om dette. Områda vert sett på som særskilt viktige «naturhistoriske laboratorium» av di dei kan gje auka kunnskap om danning av landskap og om effektar av klimaendringar.